Mímir Kristjánsson (nyhetssjef) | Emilie Ekeberg
Pål Hellesnes | Anne Kari Hinna | Stian Nicolajsen
okonomi@klassekampen.no

ØKONOMI *&arbeidsliv*

NYE TALL FRA SSB

5 av 100 går ledige

– Jeg er ikke overrasket. Selv om nedgangen i oljebransjen har flatet, ut er det fortsatt ringvirkninger fra nedturen som påvirker resten av fastlandsøkonomien, sier Hilde Bjørnland, Professor ved Handelshøyskolen BI.

Slik reagerer hun på at arbeidsledigheten er den høyeste på 20 år. Statistisk sentralbyrås arbeidskraftsundersøkelse viser at 5 prosent og 139.000 personer var arbeidsledige i juli. Sist gang ledigheten var så høy var i 1996. Bjørnland er ikke sikker på at ledighetstoppen er nådd enda.

– Vi er nok ganske nær. Problemet er at det ikke vil skapes nok arbeidsplasser dersom den lave veksten fortsetter. Da kan ledigheten bli værende rundt 5 prosent en stund.

ARBEIDSMARKEDSEKSPERT: Hilde C. Bjørnland

Trengs ikke nye tiltak

I perioden juni til august, ble 12.000 flere personer mellom 25 og 74 år arbeidsledige, sammenlignet med tremånedersperioden før.

Bjørnland mener likevel ikke at situasjonen krever ytterligere tiltak fra myndighetene.

– Nei, det gjør det ikke. Vi kan ikke komme oss gjennom nedgangen ved å permanent øke statens utgifter.

Hun tror ikke på noen kjapp retur til de gode tidene på arbeidsmarkedet i Norge.

– Ledigheten vil kunne gå noe ned, men vi kan ikke regne med å komme raskt tilbake til nivåene før oljeprisfallet. Den perioden var en oljedrevet oppgangstid, mens vi nok i framtida vil få en utvikling mer på linje med andre land.

Ikke alle er registrert

67,4 prosent av nordmenn er i arbeid. Det er en nedgang på 0,6 prosentpoeng fra året før.

Arbeidskraftundersøkelsen er en spørreundersøkelse. Flere oppgis arbeidsledige ved denne metoden enn dem som er registrert ledige hos Nav, blant annet fordi ikke alle arbeidsledige har rett på dagpenger og derfor heller ikke registrerer seg hos Nav.

Stian Nicolajsen

DAGENS GRAF

Arbeidsløysa på 5 prosent

I juli var det 139.000 arbeidslause, justert for sesongvariasjonar. Dette utgjorde 5 prosent av arbeidsstyrken.

KILDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ



Ny forsking: Berre 1 av 273 i toppsji

Kvitt på L

STÅR STILLE: Nye tal viser at LO-toppen framleis er blendakvit. Sahar Azari i NTL Ung krev eit eige nettverk og skulering for minoritetar.

«PINLEG»: Sahar Azari i NTL Ung er flau over mangelen på integrering i topps

INTEGRERING

Av Maria Lavik (tekst) og Anniken C. Mohr (foto)

– Eg vart rørt då ein minoritetsgut kom bort og sa «no får eg også lyst til engasjera meg. Endeleg ser eg nokon som liknar på meg sjølv», seier Sahar Azari og smiler.

Det singla i glastaket då Azari vart vald til leiar for fagforeininga NTL Ung i april i fjor. Som leiar for Norsk tjenestemannslag sin ungdomsorganisasjon vart ho ein av svært få med ikkje-vestleg bakgrunn høgt oppe i LO-systemet.

Ein fersk artikkel frå forskingsstiftinga Fafo viser at medan rundt 15 prosent av arbeidstakarane i Noreg har innvandrarbakgrunn, var det i 2015 berre ein person med ikkje-europeisk bakgrunn i forbundsstyra i LO. Til saman var det 273 medlemmer i forbundsstyra, som utgjer den politiske leiinga i forbunda.

– Det er pinleg. Folk med minoritetsbakgrunn har viktige erfaringar i arbeidslivet som fagrørsla mister, om me ikkje får desse inn som tillitsvalde. Eg hugsar sjølv då eg som nyutdanna statsvitar vart innkalla til eit jobbintervju hjå eit bemanningsbyrå. Dei hadde ikkje sett på CV-en min, men hadde funne eit par vaskejobbar dei meinte kunne passa, fortel Azari.

Vil ha nytt nettverk

Azari meiner leiarane i fagrørsla bør bli meir medvitne over korleis dei kan oppmuntra nye grupper til å bli tillitsvalde.

– Under konferansar ser eg at det dannar seg klikkar. Det er jo alltid trygt å snakka med dei ein kjenner. Som leiar er det viktig at ein tør å gå bort til dei ein kjenner minst. Tillitsvalde er rollemodellar.

For å få opp delen av ikkje-vestlege tillitsvalde har NTL Ung saman med Norsk Folkehjelp Solidaritetsungdom foreslått å oppretta eit eige minoritetsnettverk i LO.

FAKTA

LO og integrering:

- Fafo-artikkelen «– Kan du representere meg?» viser at det berre er ein ikkje-europear blant 273 medlemmer i forbundsstyra til LO.
- I 2007 var situasjonen om lag den same.
- Forskarane finn ingen teikn på at det er vanskelegare å organisera innvandrarar enn nordmenn.
- To mogelege forklaringar på manglande integrering er språkproblem og at innvandrarar i mindre grad blir oppmoda om å ta på seg tillitsverv.

– Me ønsker eit nettverk for tillitsvalde med minoritetsbakgrunn. Leiaren av dette nettverket skal ha observatørstatus i LO-sekretariatet, seier Azari.

I tillegg foreslår dei to ungdomsforbunda eit eige opplegg for å skulera minoritetar til å bli tillitsvalde.

Forslaga vert behandla under NTL sitt landsstyremøte i oktober og kan ende opp på LO-leiinga sitt bord under kongressen i mai neste år.

Flaue leiarar

– Når det gjeld integrering i LO sine øvste organ, er situasjonen i dag mykje den same som for 15 år sidan, seier Inger Marie Hagen, Fafo-forskar og ein av artikkelforfattarane.

Artikkelen er basert på intervju med 22 tillitsvalde sentralt og lokalt, og enkelte leiarar, i hovudsak innan offentleg sektor. Sjølv om Hagen valde ut verksemder med ein viss del tilsette med ikkje-vestleg bakgrunn, fann ho svært få tillitsvalde med denne bakgrunnen.

– Dei tillitsvalde me intervjua, er alle flaue over situasjonen. Alle er opptekne av integrering, men få veit kva som skal til for å betra situasjonen, seier ho.

Ho fann ingen teikn på at rasisme forklarar situasjonen.

– Me fann ikkje eksempel